



Bjerkreim kommune  
Postboks 17  
4389 Vikeså

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Maren Skåden, 51 56 88 32

## Varsel om tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Bjerkreim kommune 27. mars og 3. april 2019

Tilsynet har heimel i lov om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 10.

### Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er Bjerkreim kommune si oppfylling av pliktene etter § 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen vil undersøke om Bjerkreim i tråd med krava i lov og forskrift kan dokumentere at kommunen har:

- ein heilskapleg risiko og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- gjennomført øvingar
- eit system for opplæring av tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evaluert øvingar og ekstraordinære hendingar.

### Deltaking

Frå Fylkesmannen møter to personar. Fylkesberedskapssjef Reidar Johnsen (revisjonsleiar) og seniorrådgivar Maren Skåden (revisor).

Vi ber om at følgjande møter frå kommunen:

- ordførar
- rådmann
- beredskapskoordinator
- informasjonsansvarleg
- kommunaldirektør eller tilsvarande med ansvar for kommuneplan
- arealplanleggjar
- eventuelt andre som er sentrale i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse eller beredskapsplan.

### Dokumentasjon



Vi ber kommunen sende denne dokumentasjonen til Fylkesmannen innan **27. februar 2019**:

- heilskapleg ROS-analyse
- dokumentasjon på handsaming av heilskapleg ROS-analyse i kommunestyret
- invitasjon til eksterne aktørar om deltaking i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse
- langsigtige mål, strategiar og prioriteringar for samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Bjerkreim kommune
- plan for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap i kommunen, og dokumentasjon på at planen er følgd opp gjennom tiltak (til dømes i økonomiplan eller andre dokument)
- kommunen sin overordna beredskapsplan
- eventuell plan for IKT beredskap
- plan for helse og sosialberedskap og smittevernplan, inkludert pandemiplan
- beredskapsplan for vassforsyninga og siste tilsynsrapport frå Mattilsynet på dette området
- samfunnsdelen av gjeldande kommuneplan
- kommunen sin planstrategi
- evalueringsrapporter frå uønskte hendingar som har skjedd etter sist tilsyn i kommunen, og dokumentasjon på eventuelle system/prosedyrar for å følgje opp slike hendingar
- evalueringsrapportar frå øvingar som er gjennomført etter sist tilsyn
- eventuelle rapportar frå kommunen sin eigenkontroll om samfunnstryggleik og beredskap
- organisasjonskart for kommunen
- namn og stilling på personar som kommunen meiner er aktuelle for intervju, sjå lista ovanfor.

De kan gjerne sende oss dokumentasjonen elektronisk. Kontaktinformasjon er nedanfor. Dersom dokument eller deler av dokument er unntatt offentleg innsyn, ønsker vi om å bli varsle om dette.

### Rammer for tilsynet

Fylkesmannen har invitert til rettleiingsmøte i februar med kommunane som får tilsyn dette året. Sjølv tilsynet blir gjennomført etter systemrevisjonsmetoden så langt det høver. Først går vi gjennom dokumentasjon frå kommunen. På første tilsynsdag 27. mars er det opningsmøte og intervju. Sluttmøtet (omtrent 45 minutt) ønsker vi 3. april. Etter tilsynet lagar Fylkesmannen rapport med eventuelle avvik frå lov- og forskrift.

### Praktisk informasjon

Om dagane for tilsynsbesøket ikkje passar, ber vi kommunen foreslå nye tidspunkt. Vi ber og om at kommunen peiker ut kontaktperson for tilsynet.

Etter at vi sett gjennom grunnlagsmaterialet vil vi komme tilbake med detaljert program og tidsplan for tilsynet. Vi reknar med at kommunen stiller lokale til disposisjon for opningsmøte, intervju og sluttmøte. Om mogleg ønsker vi at utstyr til bruk av PowerPoint er tilgjengeleg i opningsmøtet. Vi har med oss eigen datamaskin.



Eventuelle spørsmål kan rettast til revisjonsleiar Reidar Johnsen; reidar.johnsen@fylkesmannen.no, telefon 51 56 88 39 /41523431 eller revisor Maren Skåden; maren.skaden@fykesmannen.no, telefon 51 56 88 32.

De kan finne meir informasjon om Fylkesmannen sine tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap, under «tilsyns- og kontrollområde» på våre nettsider: [www.fylkesmannen.no/rogaland-tilsyn](http://www.fylkesmannen.no/rogaland-tilsyn)

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

Maren Skåden  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*